

Fra: Nils Marton Aadland
Sendt: 28. august 2014 11:09
Til: kiwi.frekhaug@ngbutikk.net
Kopi: Ingvild Hjelmtveit; Randi Hilland; Postmottak Meland
Emne: Invitasjon til dialogmøte med næringsdrivande i Frekhaug senter

Kategorier: Rød kategori

Til Frekhaug Senterforening
v. leiar Gisle Skauge

Meland formannskap drøfta i møte 27.08. under «Aktuelle saker» utviklinga i Frekhaug senter. Der blei det uttrykt uro over at verksender avviklar eller flytter til andre senter, og at mangfaldet i Frekhaug senter dermed kan bli svekka.

Meland kommune ser det som viktig å utvikle Frekhaug senter på ein positiv måte, til beste for innbyggjarane og næringsdrivande. Med bakgrunn i dette ønskjer Meland formannskap dialog med Frekhaug Senterforening/næringsdrivande i senteret der vi drøfter korleis vi saman kan utvikle Frekhaug senter.

Difor inviterer vi Frekhaug Senterforening og næringsdrivande i senteret til dialogmøte med Meland formannskap onsdag 24.09. kl. 17.00 i Meland rådhus, formannskapssalen.

Det ville vore fint dersom senterforeninga ville oppmoda sine medlemmer til å ta del i møtet.

Vi ser fram til god dialog og samarbeid for ei positiv utvikling av Frekhaug senter.

Med venleg helsing

Nils Marton Aadland
Ordførar
Tlf: 56 17 10 25 / 922 71 050
E-post: Nils.Marton.Aadland@Meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)